

## Saksprotokoll i Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 03.12.2014

### ORIENTERINGAR

Orientering om pilotprosjektet *Trafikksikker kommune, Hordaland* i samband med sak PS 11/14, ved Øivind Hauge Støle frå Trygg Trafikk.

Orientering fra Thorbjørn Thiem, Statens vegvesen, om Statens vegvesen og Politiet sin nye kampanje retta mot ungdom; «Ungdom og fart». Kampanjen skal stigmatisere dårleg åtfærd i trafikken, og gjere det sosialt uakseptabelt å køyre for fort. Link til filmen: <http://www.vegvesen.no/ungdomogfart>

#### FTU-møte i regionane

FTU ønskjer å legge eit av møta i 2015 til ein av regionane i Hordaland. I fyrste omgang Voss/Hardangerregionen sett fram som alternativ.

#### Evaluering av Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland 2014

Viktig å få med fleire kommunar. FTU ber om at det vert lagt fram ein oversikt over kva kommunar som har delteke på trafikksikringskonferansen dei 4 siste åra, samt ein oversikt over status på dei kommunale trafikksikringsplanane.

#### § 34 Vegtrafikkloven

**Atle Kvåle** bad om at § 34 i Vegtrafikkloven vart sett opp som tema på eit av dei fyrste møta i FTU i 2015. På dette møtet ønskjer ein å invitere inn fylkeslegen, og evt politimeistaren, i Hordaland.